



Austevoll kommune

TILLEGGSINNKALLING

Utval: FORMANNSKAPET
Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN
Møtedato: 12.03.2010 Kl. 11.00

Eventuelt forfall skal meldast til tlf. 55 08 10 00 Offentleg servicekontor.
Varamedlemar møter berre etter nærare innkalling frå administrasjonen.
Møte er ope for tilhøyrarar.
Saksdokument er lagde ut til offentleg gjennomsyn på Offentleg servicekontor.

SAKSLISTE

Sak nr.	Saktittel
035/10	GNR. 37, BNR. 1 OG 5, M/FL. AUSTEVOLL. SØKNAD OM UTBYGGING I KOMMUNAL REGI.

Storebø, 12.03.2010

Helge Andre Njåstad
ordførar

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
035/10	FORMANNSKAPET	12.03.2010	Eivind Suphammer

Arkivsaknr. 10/623	Arkiv: GBNR-
--------------------	--------------

GNR. 37, BNR. 1 OG 5, M/FL. AUSTEVOLL. SØKNAD OM UTBYGGING I KOMMUNAL REGI.

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre godkjenner prinsipp om OPS prosjekt for ny infrastruktur i bustadfelt gnr 37, bnr. 1 og 5, m/fl. Austevoll Sørmarka/ Svena.
Rådmannen vert beden om å inngå avtalar med meir etter mal frå tilsvarande prosjekt.

Vedlagte saksdokument:

Bakgrunn for saka:

Oppsittjarane i bustadfeltet har hatt dialog med Austevoll kommune om OPS gjennomføring av dette tiltaket etter modell frå andre tilsvarande prosjekt. Deler av infrastrukturen er alt bygd ut og denne delen er det ikkje mogeleg å gjennomføra som OPS prosjekt. Det som no skal byggjast ut kan gjennomførast i kommunal regi som OPS prosjekt.

Vurdering:

Austevoll kommune har tidlegare hatt ei positiv haldning til slike initiativ, med den grunngevinga at kommunen gjennom dette bidrar til å redusere kostnadane til personar som skal etablere seg i Austevoll.

Val av utlysingsform og tildeling av kontrakt må være i samsvar med Lov om offentlege anskaffingar.

Terskelverdiar i Lov om offentlige anskaffingar,
inntil kr 100.000,- minst 1 tilbydar,
mellom kr 100.000 – 500.000,- minst 3 tilbydarar,
over kr 500.000,- utlysast på doffin-basen.